



Statens vegvesen

Førehandsvarsling/ informasjon til grunneigarar langs riks- og fylkesvegar.

# Vegetasjonsrydding



Sikt og framkomst er **ikkje** god

Sikt og framkomst er god

# Tilbakeskjering/ rydding av buskar og tre langs riks- og fylkesvegar er viktig for å :

Ivareta trafikk- og trygging av sideterreng langs fortau, vegar, i kurver, avkjørsle og kryss

Der grunneigar har grense til fortau eller veg, er vi avhengige av eit godt samspel i dette arbeidet. Vi reknar med å bli einige med dei fleste. Likevel vil vi gjere kjent kva lovheimlar vi har for å gjennomføre dette viktige arbeidet som ledd i å skape god trafikktryggleik.

## Granelova §12

Med heimel i granelova §12 gjev Vegvesenet med dette varsel om at tre og greiner som veks inn over vegens eigedomsområde må fjernast av grunneigar innan 3 veker frå mottak av denne førehandsvarslinga. Dersom ikkje grunneigaren sjølv ser til at arbeidet blir utført vil det bli utført av Vegvesenet og då stort sett med mekanisk reiskap.


## Veglova §43 m/ forskrifter

Etter veglova §43 m/ forskrifter har eigar / brukar av avkjørsle plikt til å halde avkjørsle rydda for vegetasjon. Forskrifta til §43 seier at frisiktfeltet skal ryddast i samsvar med dei til ei kvar tid gjeldande retningslinjer for dette. Innafor frisiktfeltet må vegetasjonen ikkje vere høgare enn 0,5 m over vegplanet. Dersom vegetasjonen ikkje blir halde i forsvarleg stand, kan Vegvesenet syte for at arbeidet blir gjort for den ansvarlege sin kostnad. Det blir med dette gjeve førehandsvarsling om eventuelle vedtak om dette.

## Veglova §31

I dei høva Vegvesenet ikkje eig areal på 3 m frå vegkant eller det i særlege høve er naudsynt å føreta rydding utafor eit belte på 3 m frå vegkant (i kurver og kryss), kan Vegvesenet med heimel i veglova §31 påby eigaren å ta bort vegetasjon innafor eit nærare gitt område (jfr. veglova §29). Det blir med dette gitt førehandsvarsel om at slikt vedtak kan bli utførte. Eigar kan i så fall krevje vederlag for mogleg skade og ulempe som følgjer av slikt påbod og for utgifter med rydding. Blir påbod til grunneigaren ikkje etterkomme, kan Vegvesenet syta for at arbeidet blir gjort. Eigaren kan i så fall krevje vederlag for mogleg skade og ulempe. Grunneigaren vil bli kontakta for påvisning av ryddingsfelt.

## Frisikt i avkøyrsløse:





Vegetasjon i frisisiktsone tullet ein ikkje høgare enn 0,5 m over køyrebanenivå. Ein kan tillate enkeltstående oppstamma tre (stammehøgde > 2,7 m).

Vegar med ein årleg døgntrafikk frå 0-5000/ døgn:

50 km/t: L1=55 m	60 km/t: L1=70 m
70 km/t: L1=90 m	80 km/t: L1=115 m

Døme: Ved 50 km/t på hovudvegen blir siktkrav i avkøyrsløse 55 m til kvar side frå midten av avkøyrsløse. Ein måler 55 m frå midten av avkøyrsløse til kvar side og alltid minst 4 m inn frå køyrebanekant.

## Buskar, tre og hekkar mot hovudveg og gang- og sykkelveg:



### Vegetasjonsbehandling mot veg og fortou:

For å ta omsyn til sidesikkerheita og god framkomst, tullet ein ikkje at vegetasjonen veks ut over køyrebane og fortou.

På vegar der vegetasjon likevel er planta nær vegkant/ køyrebanekant, må vegetasjonen haldast minst 0,5 m frå vegkant eller ytre vegskulder.



Statens vegvesen

## La oss arbeide i lag om ein tryggare veg

Spørsmål om førehandsvarling/ informasjon  
i dette skrivet kan rettast til:

Statens vegvesen Region vest  
Tlf. 815 44 010

0545-08 grafisk.senter@vegvesen.no

**Ved utføring av arbeid mot/langs offentlege vegar er det krav om varslingsplan. Ta kontakt med hovudentreprenør eller Statens vegvesen for nærare informasjon kring dette.**